

---

**Fra:** Kenneth Aaland [<mailto:kenneth.aaland@vestskog.no>]

**Sendt:** 29. april 2016 08:24

**Til:** Marius Flemmen Knudsen; Kristine Skaiaa Born

**Emne:** gravedrifter

Hei,

Sender mail til skogavdelinga til både Meland og Radøy/Austereim då eg har teke opp dette med begge kommunar. Lindås vil bli førespurt på på same vis. Eg ønskjar å få til ei aavtale med kommunane angående graveløyver og søknadsprosessen på dette. Som reglane er no så må eg søke kvar gang det teoretisk kan bli aktuelt med skjæring/fylling på over 1m. sidan vi må søke før driftene, så vil dette i praktisk sei at eg må søke kvar gang der er ein moglegheit for at det skjer. Grunnen til dette er blant anna fordi vi har miljørevisorar som heilt konsekvent fører avvik på meg og Vestskog dersom han finn at vi har hatt ei drift med graving med skjæring/fylling på over 1m. Det er uvesentleg for han om det er snakk om 5 eller 100m. Derfor, for å redusere arbeid for både meg og dåkke, så ønskjar eg ei avtale med kommunane i Nordhordaland der vi set nokon føresetnadar for når eg skal søke.

Mitt forslag er:

1. dersom drifta kjem i konflikt eller nær konflikt med miljøverdiar (les miljøverdiar frå krava i Norsk PEFC skogstandard).
2. dersom der er ei drift med mykje offentleg innsyn, og det truleg blir greve meir enn 150m totalt.

Håpar dykk kan tenke gjennom dette. Mitt ønske er at ein kan luke ut alle desse driftene der det berre kanskje må gravast litt, eller der det kun er snakk om graving på nokon punkt her og der. Litt av poenget ovanfor miljørevisor er at skal eg kunne la vere å søke om graving på desse driftene med berre litt graving, som nemnt ovanfor, så må eg ha noko skriftleg på dette. Ein mail er nok.

Mvh Kenneth Aaland  
Skogbruksleiar Vestskog, avd. Nordhordaland  
Planavdelinga Vestskog, avd. Sogn og Fjordane  
Tlf: 95999541